



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 29.06.2018

Vår ref.: 2015/6139

Arkivnr.: 471

Eigersund kommune
Postboks 580
4379 Egersund

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høring av søknad om utviding av avfallsdeponi på Svåheia, Eigersund kommune - Saufjelltjørnfasen

Svaaheia Avfall AS søker etter forureiningslova § 11 om konsesjon til utviding av deponi for ordinært avfall på 24/40 i Eigersund kommune. Fylkesmannen ber om uttale til søknaden innan 3. september 2018. Merknader skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller til fmropost@fylkesmannen.no

Informasjon om søkjar og dagens aktivitet på området


Deponiet som blir drive på staden, er anlagt på Øvre Stølstjørn på Svåheia sør for Eigersund. Den omsøkte utvidinga er avklart etter plan- og bygningslova gjennom reguleringsplan for Svåheia vindpark og avfallsanlegg. Vindkraftverket er no bygd, i regi av Dalane Vind AS.

Svaaheia Eigedom AS eig 45% av Svaaheia Avfall AS og leiger ut eigedommen til selskapet. Resterande del av selskapet vert eigd av IVAR Næring AS (20%), Stangeland Gruppen AS (20%), Dalane Miljøverk IKS (6 %), Ryfylke Miljøverk IKS (3%), IRS Miljø IKS (3%) og Renovasjonsselskapet for Farsund og Lyngdal AS (3%).

Svaaheia Avfall AS er ansvarleg for drift av deponi med sigevassanlegg, medan Dalane Miljøverk IKS har ansvar for drifta av dei andre anlegga på Svåheia.



Figur 1 Anlegget ligg sør for Egersund by



Avfallstypar

Den nye deponifasen har fått namnet Saufjelltjørn, og grensar tett til dagens deponi ved Øvre Stålstjørn.

Svaaheia Avfall AS søker også om vidare drift av deponiet ved Øvre Stålstjørn, der det er egne celler for gips og asbest. Svåheia Avfall AS søker om å fortsette drift i eksisterande deponifase parallelt med at dei startar deponering i Saufjelltjørn. Dei to fasane vil etter kvart vokse saman til eitt deponi. Dette vert grunna i kostnaden ved å etablere nye celler, og behovet for større tilgjengeleg flate til sortering av avfall og mellomlagring av botnoske.

Deponiet tar i dag imot ordinært avfall (klasse 2), primært restavfall frå næringsverksemd. For ordinært avfall må ikkje grenseverdiane for utlekking gitt i avfallsforskrifta overskridast.

Andelen tungt bygge- og riveavfall, inkludert forureina massar, er sterkt aukande. Det er slikt avfall som vil utgjere størstedelen av deponert materiale på Svåheia i tida som kjem. Svaaheia Avfall AS tek også mot fraksjonar som botnoske frå forbrenningsanlegg, borekaks frå offshoreverksemd og fluff (restfraksjon frå fragmenteringsverk for kasserte bilar). Deponiet har i dag løyve til å ta i mot to typar farleg avfall; blåsesand og asbest. Farleg avfall skal ikkje deponerast saman med nedbrytbart avfall, og asbest må av omsyn til helse og arbeidsmiljø leggest i eiga celle. Forureina massar som er så forureina at dei blir karakterisert som farleg avfall kan ikkje leverast til Svåheia.

Søknad om dispensasjon frå krav om dobbel tetting – beskyttelse av jord og grunnvatn

Svaaheia Avfall AS søker om dispensasjon for kravet til dobbel tetting av botnen i deponiet, fordi bergartane på staden er tette og grunnvasstraumen går inn i deponiet. Sprekker frå sprengingsarbeid i brotet ved Saufjelltjørn er tetta ved betonginjeksjon.

På deponi klasse 2 skal det etter avfallsforskrifta leggest ein kunstig tetningsmembran og dreneringslag på minst ein halv meter i tillegg til naturleg geologisk barriere ($K \leq 1,0 \times 10^{-9}$ m/s, tykkelse ≥ 1 m.). Det kan gjerast unntak frå dette kravet på grunnlag av ei miljørisikovurdering (sjå søknaden vedlegg 2). Ut frå denne miljørisikovurderinga tilrår COWI å dispensere frå kravet om dobbel tetting og heller prioritere reinsing av sigevatnet.

Forureiningsmyndigheiene må i løpet av prosessen ta stilling til om ny deponifase må ha dobbel tetting, eller det ligg føre eit godt nok dokumentasjonsgrunnlag for å dispensere frå dette kravet.

Deponigass

Fram til forbodet kom i 2008 vart det lagt organisk material på avfallsdeponia. Slikt avfall dannar klimaskadeleg metangass. Svaaheia Avfall AS tar i dag ut deponigassen til fakling. Gassen har så langt ikkje blitt nytta til energiproduksjon. Ettersom det ikkje vil deponerast organisk avfall i den nye fasen, er det heller ikkje er naudsynt å etablere ny infrastruktur for gass.

Utslepp til vatn

Det vert søkt om ein felles konsesjon for dei to fasane, med felles ramme for utslepp på djupt vann ved Bomvika. Sigevatn frå dagens deponifase går i dag ureinsa til Bomvika. Svaaheia Avfall AS planlegg no å reinse sigevatn frå begge fasane saman med forureina overvatn frå anlegget. Det er planlagt eit reinseanlegg som er basert på lufting av vatnet med påfølgande felling av suspendert stoff. Eit slikt anlegg er relativt enkelt i drift og kan redusere utsleppa frå deponiet til det halve.

Forureiningsmyndigheitene må i løpet av prosessen ta stilling til om det også vil være naudsynt med eit reinsetrinn som kan ta ut prioriterte miljøgifter som til dømes TBT og perfluorerte akrylstoff (eksempelvis PFOS, PFOA) frå vatnet. Dette vil være ei kostbar løysing, og behovet må vegast mot kva miljøgifter vert funne i vatnet frå deponia. Eit slikt reinsetrinn må ligge nedstraums.

fellingsbassenget og kan derfor kreve endringar i reguleringsplanen for området. Dette vil i så fall bli lagt ut på eiga høyring etter plan- og bygningslova på eit seinare tidspunkt.

Støy, støv og lukt

Anlegget ligg skjerma frå bustader og Fylkesmannen sitt inntrykk er at det er lite plager knytt til støv, støy og lukt ved anlegget. Dagens støygrenser vil mest sannsynleg bli vidareført, men Fylkesmannen vurderer å opne for døgndrift i periodar der ikkje-magnetiske metall skal skiljast frå botnoska før deponering. I eit ressursperspektiv er dette ein viktig aktivitet som vi ynskjer å legge til rette for kan skje jamt.

Driftshorisont

Dagens deponi på Svåheia har kapasitet til mindre enn 10 års vidare drift. Med Sauvfjelltjørnfasen anslår ein at deponikapasiteten på Svåheia vil bli auka til totalt 8 500 000 m³. Kor lenge denne kapasiteten vil vare er avhengig av kor stor del av avfallstypene som blir produsert og kor mykje som kan gå til gjenvinning. Fylkesmannen forventar på bakgrunn av nye krav frå EU ei nedgang i deponering av gips, betong og ein del andre typar tyngre bygge- og riveavfall i åra som kjem. Samstundes ser vi at mengdene som oppstår aukar kraftig både på landsbasis og i vår region. Søkjar anslår at Svåheia med utvidinga kan dekke Sør-Rogaland og deler av Agder sitt behov for denne typen deponi i meir enn 50 år, kanskje opp mot 100.

Trafikale tilhøve

Svåheia har eigen tilkomst frå FV 44 mellom Lædre og Mong. Private kan ikkje lengre levera avfallet sitt på Svåheia, så trafikken er nesten berre tungtransport. I 2016 var trafikkmengda rundt 35 bilar kvar dag. Tungtransport frå nord går i dag gjennom Egersund. Søkjar reknar ikkje med auka trafikkmengder i samband med utvidinga.

Fylkesmannen ber særleg om kommunen sitt synspunkt knytt til trafikkvurderingar og tilhøve knytt til utslepp til støv, støy og lukt.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Tone Ankarstrand
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Tone Ankarstrand
Saksbehandlar telefon:
E-post: fmrotot@fylkesmannen.no

Kopi til:
Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger